



Notat

Dato

LEIKANGER, 07.03.2019

Fra: Fylkesdirektøren for næring og kultur

Til: Hovudutval for næring og kultur
Hovudutval for opplæring

Orientering om forarbeidet med å få etablert ein akvakulturhall ved Måløy vidaregåande skule

I «Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane» (Verdiskapingsplanen) under programmet *Kompetanse og rekruttering i sjømatnæringane* er mål 1 å «Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane». Så langt har programgruppa fått ein undervisningskonsesjon til Måløy vidaregåande skule, etablert fondet MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond), deltatt i prosessen med å få på plass eit nytt opplæringsfartøy ved Måløy vidaregåande skule og fått tilsett fagperson i eit treårig engasjement for å utvikle opplæringsstilbodet i akvakultur ved skulen. I handlingsplanen for 2019 er målet: «Bidra til å få på plass eigna undervisningsfasilitatar i akvakultur ved Måløy vgs.»

Konkret gjeld dette eit ynskje om å få på plass ein hall for undervisning i akvakultur knyta til skulen. Det er etablert eit forprosjekt for å ta dette vidare.

Etter dialog med Bygge og eigedomstenesta (BOT) vil vi gjennom dette forprosjektet få fram eit kostnadsgrunnlag for ein akvakulturhall. Dette kan BOT nytte vidare i planlegging med infrastruktur og finansiering.

Kvífor ein Akvakulturhall?

I dag har elevane på akvakultur all si praktiske erfaring frå utplassering på kommersielle anlegg. Det er ingen fasilitetar på/ved skulen der elevane kan få lære gjennom praktisk erfaring i mindre skala. Dei har heller ikkje høve til å lære praksis om «nye marine artar» (eincella og fleircella algar, skjel, reinsefiskoppdrett) som læreplanen sett krev om eller resirkuleringsteknologi (RAS) som er på full fart inn i landbasert oppdrett. I 2018 har vi også erfart at vi er sårbar med tanke på utplassering då kommersielle anlegg vi nyttar til utplassering måtte slakte ned fisken grunna sjukdom etc. Då har vi ingen plan B for elevane våre!

Akvahallen er difor minst like viktige for elevane på akvalina som skulebåten er for dei som vel fiske- og fangst. Hallen kan nyttast i undervisning i akvakultur og naturbruk, både på Måløy vgs og andre skular med naturbruksfag («grøn» retning), og også til tema innan studiespesialiserande fag (t.d. biologi, kjemi). Hallen vil og vere viktig med tanke på fagskulen som planlegg nye utdanningsløp retta inn mot akvakultur. Difor har dette tiltaket høgaste prioriteten i satsinga «Sjømatnæringane» i Verdiskapingsplanen.

Tidsforløp

Sidan finansiering er ein flaskehals for realisering av hallen, må kostnadsgrunnlaget vere klart slik at det kan bli nyttar vidare i arbeidet med budsjett og finansieringsplanen.

Vidare tidskritisk aktivitet i denne prosessen er å få sendt ein konsesjonssøknad om å etablere hallen. Dette er erfaringmessig ein prosess som tek lang tid. Dei viktigaste elementa i

konsesjonssøknaden er plassering av rør for inntaksvatn i sjø, for avlaup til sjø (reinsing) og trøng for og tilgang til ferskvatn, samt plassering av dei einskilde funksjonane i hallen. Særleg Fylkesmannen og Mattilsynet stiller strenge krav til dette.

For å få på plass eit kostnadsoverslag må alle element og krav i konsesjonssøknaden vere på plass. For å skaffe seg oversikt over kva ein ynskjer i ein akvakulturhall og korleis hallen skal nyttast i undervisninga, er forprosjektet godt i gang med dialog med involverte tilsette ved skulen og fagskulen, med næringsaktørar og med Vågsøy kommune. På grunnlag av dialog og innspel vil vi få skissert og dimensjonert eit bygg. Først når dette er på plass, kan vi også få fram eit første kostnadsoverslag som vil legge grunnlaget for vidare arbeid med finansiering.

I forprosjektet har vi fått knyt til oss ein konsulent som har hatt ansvar for utvikling og gjennomføring av akvakulturhallen som nyleg er bygd på Strand vgs. i Rogaland. Fleire frå fylkeskommunen var på synfaring hausten 2018 og vi er samde om å nytte denne som modell for hallen i Måløy. Notat frå dette besøket er lagt ved.